

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGENDato: 26.09.2016
Vår ref.: 2016/3136-5
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.: 201423440

Bergenhus gnr. 164 og 166 - Bybanen til Fyllingsdalen - Oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i Parselhagen og Fløenbakken- Bergen kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka. Sender over kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i samband med bybanetrasè ved Fløen/Møllendal. Kostnadsoverslaget er estimert til å komme på 567 723 kr. Arbeidet vert då hovudsakleg konsentrert i parselhagen, men det er også estimert noko arbeid i området rundt det automatisk freda kulturminnet ID 113867 ved Fløenbakken 41.

Jf. kulturminnelova § 9, jf. § 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslaget femnar om feltarbeid for to arkeologar i tre veker (+ ein dag), samt at det er satt av tre vekeverk til rapportskriving og etterarbeid. Då Riksantikvaren har utarbeidd ei ny kostnadsmal er no utgifter til gravemaskin innarbeidd i budsjettet. Maskinkostnadene er veiledande då summen er estimert og avhenger av timepris for maskin og førar, samt den totale tidsbruken i prosjektet. Om tiltakshavar sjølv ønsker å innhente pristilbod på maskin eller stille med maskin sjølv må det avklarast før arbeidet tek til. Vi gjer merksam på at det berre vert fakturert for medgått tid og kostnader.

Vi ber om ei skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med opplysningar om organisasjonsnummer samt signatur til den som er ansvarleg betalar. I kommunar der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.